

Flotte gåver til skulemusikken og ungdomslaget.

05.11.2014



Hanna Tvilde (t.v.) og Thea S. Taranger tok mot gåva for skulemusikken. Dei heldt ein flott takketal.

I kveld har SpareBank1-stiftinga Kvinnherad delt ut gåver til lag og organisasjonar i sitt primærrområde. Mellom dei heldige gjevemottakarane var Uskedal ungdomslag og Uskedal skulemusikk. Skulemusikken fekk 45.000 kr til nye uniformer medan ungdomslaget fekk 60.000 kr til nye bord og stolar i Helgheim.

Hilde Borge Bringedal frå styret representerte skulemusikken saman med dei to musikantane Thea Taranger og Hanna Tvilde under overrekingsarrangementet i Kulturhuset Husnes. Det var dei to musikantane som mottok den kjærkomne gåva, og dei kvitterte med ein flott takketal.

- Kjempeflinke var dei, refererer Hilde som fortel om eit koseleg arrangement. - Det var kaffi og kaker og elles eit bra opplegg. Og sjølvsagt særdeles fornøgde gjester.

Hilde fortel at styremedlemmer no kjem til å finna fram til aktuelle leverandørar og uniformstypar. Ho seier og at det er svært viktig at musikantane skal vera med på det endelege valget når dei bestemmer nye uniformer.

Både Hilde og Lovise Herland Sunde uttrykkjer at dei er svært takksame for dei flotte gåvene. I Helgheim har det vore ei imponerande oppussing dei siste åra. - Når me no får nye stolar og bord, vert det heilt topp, seier Lovise fornøgd.

Foto: Hilde Borge Bringedal

Tekst og nett: Thor Inge Døssland